

Tertialrapport 2/17 – Konesjonskraftomsetjing

	2017	2018	2019	2020	2021
Budsjett 2017/Øk.plan 18-20	42 000	27 000	20 000	20 000	27 000
Ny prognose T2/17	46 500	39 000	30 000	32 500	35 000
Endring	+4 500	+12 000	+10 000	+12 500	+8 000

Føresetnader Budsjett 2017/økonomiplan 2018 - 2021:

Føresetnadane for budsjettet for 2017/Økonomiplan 2018 - 2021 er basert på marknadsprisar og valutakursar per 01. mai 2017 og kjend konesjonskraftmengde i 2017 (376 Gwh). Kostnadane med kjøp av konesjonskraft inkl. innmatingsavgifter er berekna til 13,50 øre/Gwh (11,48 + 2,02). Kostnader med bistand frå Markedskraft, kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1 mill. kr.

I T1/17 vart prognosen for 2017 auka med 6 mill. kr, frå 36 mill. kr til 42,0 mill. kr.

For 2017 skal vi - etter vedteken normalsikringsstrategi for kraftsal – ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Pr 01.09.17 er andel pris- og valutasikra volum på 67,02 %. Den låge sikringsdelen skuldast at fylkesrådmannen har nytta si fullmakt, jf. strategien pkt. 5:

«Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedteke normalstrategien dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisen. Ein kan da enten auke eller redusere allereie sikra volum med inntil 30 % av volumet i aktuell periode. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta ei slik avgjerd»

Ved inngangen til 2017 hadde vi nytta fullmakta fullt ut og hadde eit avvik på 30 % frå normalstrategien. Avviket i prisane for 2017 er gradvis blitt redusert og no i august har avviket snudd til fordel for marknadsprisen. Vi har difor i august sikra maksmalt av disponibel kraftmengde for 4 kvartal. Det har medført at vi no har eit avvik i høve normalstrategien på 16 % for 2017.

Ny prognose 2017

Ny prognose for konesjonskraftinntektene byggjer på oppnådde prisar på sikra volum/valuta samt marknads- og valutaprisar per 01.09.17 på usikra volum. Av samla mengde konesjonskraft, 376 Gwh er 252 Gwh pris-/valutasikra. Ny prognose grunna endra prisar pr. T2/17 viser ein auke på 5,0 kr i høve T1/17.

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre – både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimere. I våre budsjettprognoser er desse samla vurdert til 0. Korleis utviklinga ut året vil bli er usikkert, men så langt ser det ut som det blir eit negativt avvik på om lag 0,5 mill. kr.

Samla ny prognose for 2017 er 4,5 mill.kr:

	2017
Budsjett 2017	42 000
Ny prognose T2/17	46 500
Endring	+4 500

Prognose 2018 – 2021

Ny prognose for åra 2018 – 2021 baserar seg på same grunnlag som ny prognose for 2017. Prognosen for økonomiplanen er basert på prisar per 01.09.2017.

I høve gjeldande økonomiplan har prisen på elektrisk kraft auka for alle åra, men er fortsatt låge - særskilt når ein ser 2 til 3 år fram i tid. Prisbilete for økonomiplanperioden er fortsatt slik at prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisane for alle åra. Fylkesrådmannen har difor tilpassa sikringa i 2018/2019/2020 i høve si fullmakt – dvs. inntil 30% avvik frå normalstrategien.

Våre relativt gode inntekter for 2018 skuldast delvis tidlegare års prissikring (jf. sikringsstrategi) og delvis at marknadsprisen for 2018 har heva seg vesentleg utover i 2017.

	2018	2019	2020	2021
Budsjett 2017/Øk.plan 2018-2021	27 000	20 000	20 000	27 000
Ny prognose T2/17	39 000	30 000	32 500	35 000
Endring	+12 000	+10 000	+12 500	+8 000

I gjeldande økonomiplan er nivået på bruken av lokale inntekter (dvs. konsesjonskraft) i driftsbudsjettet sett til 40 mill. kr per år. Sjølv om prisane no har auka noko må vi fortsatt saldere med bruk av bufferfondet for å nå «inntektstaket».

Fylkesrådmannen legg også fram ei sak om endringar i sikringsstrategien for fylkestinget i oktober.